

ÅRSPLAN FOR STRAUMSNES BARNEHAGE 2020 - 2021



Innhold

| | |
|--|----|
| Føremålet med barnehagen..... | 2 |
| Leik, omsorg, danning og læring..... | 2 |
| Barnehagen sitt verdigrunnlag | 3 |
| Om oss..... | 3 |
| Fagområde og progresjon..... | 4 |
| Kartlegging | 11 |
| Dokumentasjon | 11 |
| Barns medverknad..... | 12 |
| Felles satsingsområde for barnehagane..... | 12 |
| Inkluderande barnehagemiljø | 12 |
| Språk..... | 13 |
| Pedagogisk bruk av IKT | 13 |
| Trafikksikker kommune..... | 13 |
| Lokale satsingsområde..... | 13 |
| Mat og måltider..... | 14 |
| Samarbeid mellom heim og barnehage | 15 |
| Tverrfagleg samarbeid..... | 16 |
| Overgangar..... | 16 |
| Tilvenning i barnehagen..... | 16 |
| Overgang barnehage - skule..... | 16 |
| Tradisjonar og høgtider | 17 |
| Barnehageruta for 2020/2021..... | 18 |
| Kontaktinformasjon..... | 18 |

Føremålet med barnehagen

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong.

Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er med skaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna.

Kjelde: Rammeplanen 2017 (R17):19

Leik, omsorg, danning og læring

Leik

Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og den skal vere ein arena for utvikling og læring og sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne.



Kjelde: R17:20

Omsorg

I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert. Barnehagen skal gje barna høve til å utvikle tillit både til seg sjølve og andre. Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar.

Kjelde: R17:19

Danning


Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratisk fellesskap. I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald.

Kjelde: R17:21

Læring

Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Barnas nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast og stimulerast. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine.

Kjelde: R17



Barnehagen sitt verdigrunnlag

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ein allsidig utvikling. Å møte kvart individ sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald, og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Kjelde: R17

Om oss

Straumsnes barnehage er ein ein-avdelings barnehage. Barnehagen ligg nydeleg til ved Nisser. Her har vi tilgang på variert uteområde som skog, fjell, eng og vatn i eit flott kulturlandskap. I nærmiljøet har vi moglegheita til å gå på museum, reise på hotellet, symje i bassenget, vera på fotballbanen, i gapahukar og grendehus med gymsal.

Barnehagen sine opningstider er frå 07:15 – 16:30. Barna som går i barnehagen blir delt i to mindre grupper ved spesielle aktivitetar.

Barnehagen på Straumsnes er stengt 3 veker i juli, jol og påskeveka. I tillegg kjem 5 planleggingsdagar fordelt utover barnehageåret.



Fagområde og progresjon plan

I rammeplanen er det 7 fagområde som har stor betydning for barns utvikling, trivsel, allsidige utvikling og helse. Alle fagområda skal sjåast i ein samanheng og ha stor betydning i personalet si planlegging. Progresjonsplane beskriv kva vi skal gje barna, og sikre at dei får erfaring nok til å utvikle ferdigheiter innafor eit vidt læringsfellesskap.

Progresjonsplanen er delt inn etter to aldersgrupper 1 - 3 år og 3 - 6 år. Dette skal gje oss føringar på kva vi skal jobbe med innafor dei alderstrinna. Oppdelinga er ikkje fastlåst, og ein må heile tida evaluere dei opp i mot barnet sin alder, modning og føresetnader.

Kommunikasjon, språk og tekst

| Mål | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> Barna skal få utforske og utvikle si språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer Lære barna å bruke språket til å skape relasjonar, deltaking i leik og eit reiskap i kvardagen Bruke språket for å uttrykke sine følelsar, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar | |
| Progresjon | |
| 1 – 3 år | |
| Kva skal barna oppleve i barnehagen? | Korleis skal personalet arbeide? |
| <ul style="list-style-type: none"> Forstå enkle beskjedar. Sei enkle ord. 2 ords setningar (2 åringar) Sjå samanhengen mellom bilete og ord. Forstå enkle omgrep. Kjenne igjen og reagere når ein høyrer sit eige namn og ta kontakt med andre ved bruk av namn. Sette ord på ønsker og følelsar. Bruke språket aktivt for oppå noko i leik og samspel med andre. Få positive tilbakemeldingar med verbal og nonverbal kommunikasjon. Svare på enkle spørsmål. Kjenne igjen og lære seg sangar, rim/ regler og bevegelsar til sanger. Ha bevisstheit rundt sitt eiga kjønn. Øve på å kunne lytte til og gjenfortelle. | <ul style="list-style-type: none"> Følgje opp samtalen med barna. Leike med lyder. Lese bøker og bruke namn på gjenstandar. Bevisst bruke namn, og tolke barn sitt kroppsspråk. Vere støttande med språk i leikesituasjonar. Bruke god tid på å prate med barna og å lytte til det dei vil fortelje. Vere tydeleg. Sørge for at alle blir lest for jamleg, aleine eller i grupper. Bruke sang og rim aktivt gjennom dagen. Sortere ting i kategoriar. Stille spørsmål om det vi har gjort i fellesskap og individuelt. |
| 3 – 6 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |

| | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Vidareføring av punkta på 1 - 3 års stadiet • Ta imot og følge beskjedar. • Kategorisere og sortere ulike omgrep og objekt. • Bruke språket for å forklare kva som har skjedd i ei hending og til problemløysing. • Kunne sangar, rim og regler som vert bruka. • Kunne kjenne att namnet sitt skriftleg. • Følgje med i bøkar utan bilder og historiar som blir fortalt. • Hugse og gjenfortelle historiar og opplevingar. • Bruke fortidsformer og framtidsform. • Forstå humor og leik med språket (leite etter rimord, vitsar og gåter). • Lære å ta ordet og uttrykke si meining. • Delta i samtaler, lytte til kvarandre og vente på tur. • Bruke språket aktivt i leik. • Begynnande interesse for leike-skriving og lesing. • Bøying av verb og bruk av preposisjonar. • Bruk av tal og bokstavar i det daglege. • Interesse for å skrive sitt eige namn. • Kjennskap til alfabetet og språklyd | <p>Lære nøkkelord og repetere det barna allereie kan.</p> <p>Dei vaksne bruker sang og rim aktivt i kvardagen. Vise interesse for skriving.</p> <p>Ha gode lesestunder, med bøker barna er interessert i. Snakke om ting vi har gjort saman, bruke tid og refleksjon.</p> <p>Spele spel, leike og tøyse med ord.</p> <p>Dagtavle.</p> |
|--|---|

Kropp, røse, mat og helse

| Mål | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Oppleve glede og meistring gjennom ulike aktivitetar inne og ute året rundt i ulikt ver. • Få ein trygg og positiv oppfatning av seg sjølv og sine eigne kjensler samstundes som ein skal ha respekt for andre. • Få innsikt over kvar maten kjem ifrå og kva eit sunt kosthald er • God hygiene og rutinar. | |
| Progresjon | |
| 1 – 3 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle positiv sjølvbilete gjennom kroppsleg meistring. • Lære namn på kroppsdelar. • Bli medviten på kjensler. | <p>Jobbe med «meg sjølv» ut i frå barnet sitt modningsnivå og interesse.</p> <p>Snakke om kroppsdelar i kvardagen.</p> <p>Snakke om følelser når dei er der.</p> |

| | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Lære å ete, drikke og smøre sin eigen mat. • Vere med på matlaginga. • Vere aktiv med i påkledninga av seg sjølv. • Lære god hygiene og handvask. • Øve på å sitte i ro. • Øve/lære seg å gå på do. • Vidareutvikle fin og grovmotorikk (blant anna pinsettgrep) | <p>La barna prøve sjølv under måltidet. Legge til rette for ro og tid i garderobesituasjon Faste rutinar på handvask</p> <p>Vere tilstade og oppmuntre Tilrettelegge for aktiviteter som stimulerer grovmotorisk og finmotorisk utvikling, t.d. ved gymaktivitetar ute og inne samt pusle, teikne, perle og gå på tur.</p> |
| 3 – 6 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle fin og grovmotoriske ferdigheiter. • Etablere eit godt blyantgrep. • Smøre maten sin sjølv og vere med på å lage mat. • Kle på seg sjølv. • Slutte med bleie. • Få kunnskap om menneskekroppen og kroppens fungering. • Bli medviten om følelsesregisteret vi har. • Forståelse kva som er eit godt og sunt kosthald. • Få smake og lukte på ulike matvarer (surt/salt/bittert/søtt) • Vere medviten om sin eigen kropp og utfordre dei motoriske ferdigheitene (ski, ball osv.). | <p>Tilrettelegge for aktivitetar som stimulerer grovmotorisk og finmotorisk utvikling, t.d. ved gymaktivitetar ute og inne samt pusle, teikne, perle og gå på tur.</p> <p>Barna smører maten sin selv til lunsj, får rettleiing og støtte ved behov.</p> <p>Tema i samling og i gymaktivitet.</p> <p>Prate om følelser som dukker opp. Ha gode og sunne matvarer i barnehagen og prate om dei.</p> <p>Ha om smakar i samling.</p> <p>Gje dei utfordringar akkurat passe store nok til at de meistarar og tør litt til.</p> |

Natur, miljø og teknologi

| | |
|--|--|
| Mål | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Vekke barn si nysgjerrigheit på naturvitenskaplege fenomen og kjenne seg heime i naturen • Gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar. | |
| Progresjon | |
| 1 – 3 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Få kjennskap til norske dyr og husdyr • Stimulere grov- og finmotoriske ferdigheiter ute i naturen. • Få gode opplevingar av turar i naturen. • Få moglegheit til å bruke sansane sine og undre seg over ting i naturen når ein er på tur. • Få kjennskap til kvar maten vi et kjem ifrå. • Vere med på planting og hausting. | <p>Ha dyr og planter som tema/planting og hausting. Kva kan vi lage av det vi har i naturen?</p> <p>Ta barna med på tur i nærmiljøet og naturen. Undre oss saman med barna, bruke sansane og studere det vi møter.</p> |

| | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Få erfaring med aktivitetar på ipad. • Bli presentert ulike planter i naturen og korleis ein tar vare på desse. • Bli introdusert for dei ulike årstidene og kva som skjer då. | <p>Bruke ipad i kvardagen for å lage eller lære noko.</p> <p>Bruke dagtavle kvar dag.</p> |
| 3 – 6 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Oppleve naturen som ein leikeplass. • Vidareutvikle dei motoriske ferdigheitene ute i naturen. • Lage konstruksjonar av ulikt materiell og reiskap. • Eksperimentere med naturfenomen og fysiske lovar. • Kunnskap om dei fire årstidene. • Kjeldesortering, gjenbruk og miljøvern. • Få kunnskap om ulike dyre- og planteartar som er i naturen rundt oss. • Kunnskap om korleis menneske og naturen er avhengig av kvarandre. • Enkle kjemi/fysikk forsøk. • Ipad som hjelpemiddel i kvardagen. | <p>Bruke ulikt materiale i konstruksjonsleik.</p> <p>Bruke dagtavla.</p> <p>Oppmuntre og vise barna at vi driv med kjeldesortering.</p> <p>Plukke plast.</p> <p>Studere flora og fauna.</p> <p>Formidle kunnskap om naturen, naturfenomen og naturvern.</p> <p>Ha forskjellige forsøk og eksperiment i samling</p> <p>Bruke ipad i kvardagen for å lage eller lære noko.</p> |

Mengde, rom og form

| | |
|--|---|
| Mål | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle barna sin matematiske kompetanse gjennom leik, eksperimentering gjennom styrte og kvardagslege aktivitetar. • Gjere barna nysgjerrige, undrande og motiverte på problemløysning og matematiske omgrep. | |
| Progresjon | |
| 1 – 3 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Undersøkje og kjenne igjen ulike former (trekant, sirkel, firkant osv.). • Talrekke: 1 – 2 – 3. • Bli introdusert for talla opp til 10. • Finne plassen sin i garderoben og ved bordet. • Orienter seg rundt i barnehagen. • Preposisjonar og mengdeord: over/under, liten – mellom – stor • Forstå forskjellen på: tom/full, liten/stor. • Klassefiseringing, sortere etter form, farge og storleik. | <p>Vere aktiv vaksen, bruke namn på leiker, kva slags form dei har, og telje det vi har rundt oss.</p> <p>Bruke bilder og namn på plassene til barna.</p> <p>Bruke preposisjonar i leik; skal vi krabbe under/ligger bamsen oppi/ osb.</p> <p>La barna bli med å rydde i rett kasse, bilar i ein, tog i ein anna osb.</p> |

| | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Vise forståelse for ulike storleikar og motsetnader: høg/låg, lang/kort, tung/lett, tykk/tynn osv. | Bruke omgrepa aktivt i kvardagen. |
| 3 – 6 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Lære namn på trekant, firkant, sirkel og gjenkjenne figurane. • Forstå preposisjonane: mellom, ved sidan av, framfor, bak og tidsomgrep: i dag, i morgon og liknande. • Følgje reglar i ulike spel og songleikar. • Orienter seg i terrenget etter beskjedar eller kart (skattejakt). • Har forståing for rekkefølge: Kor i rekka er du? • Kjenne til tala opp til ti. • Kjenne att dei vanlege fargane og kva dei heiter. • Kjenne til vekedagar, månadar og dei forskjellige årstidene. • Kjenne til bokstavar og tal. • Kunne bruke ein terning. • Tidsomgrep i går, i morgon osv. • Forstå samanhengen mellom tal og mengde. | <p>Spel og førskuleaktivitetar.</p> <p>Bruke preposisjonene i leiken ilag med barna.</p> <p>Introdusere barna for regelstyrt leik og brettspel.</p> <p>Øve på å stå i rekke i ulike situasjonar og bruke namn på plassene barna står på. Telje. Lære fargane.</p> <p>Blir brukt kvar dag i dagtavla.</p> <p>Bruke språkløyper og aktivitetar der dei blir introdusert for bokstavar og tal.</p> |

Etikk, religion og filosofi

| | |
|--|--|
| Mål | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få oppleve respekt for sin kultur og religion • Få moglegheit til å tileigne seg samfunnet sine grunnleggjande verdiar og kjennskap til tradisjonar og høgtider • Anerkjennande vaksne som gjev barna medverknad i sin eigen kvardag og utvikling • Barna skal oppleve undrande vaksne | |
| Progresjon | |
| 1 – 3 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Gje og vise omsorg og inkludere kvarandre. • Ta eigne val og sette grenser for seg sjølv. • Dele med andre i leik, rundt bordet. • Hjelp andre. • Lære å gje og ta og vente på tur. • Vise empati og omsyn til andre. • Snakke høfleg til andre og respektere kvarandre sine ulikskapar. | <p>Anerkjennande vaksne som tar barna på alvor og undrar seg saman med dei.</p> <p>Vaksne som les barna sitt kroppsspråk og mimikk.</p> <p>Vaksne som støttar barn som tør å ta val.</p> <p>Vaksne som er med i leik og hjelper til ved konflikhtar eller andre problemstillingar.</p> |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Prate om følelsar og gjenkjenne dei i andre. • Begynnande forståing for konsekvensar av eiga handling. | Bruke programmet "Grøne tankar, glade barn". |
| 3 – 6 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Respektere kvarandre. • Respektere at eigne ynskjer ikkje alltid blir oppfylt. • Tileigne seg samfunnet sine grunnleggjande verdiar. • Vise toleranse for ulikskapar og empati i relasjon med andre. • Lære å løyse konflikhtar på ein akseptert måte. • Lære å forhandle i situasjonar der ein er ueinig / problemløysing. • Få kjennskap til tradisjonar knytt til høgtider i religionar/livssyn som er representert i barnehagen. • Forstå spelereglar og godta dei. • Forstå konsekvens av eiga handling. • Øve på å vere inkluderande, empatisk og raus med andre. • Undre seg over livet (naturen, liv og død m.m.) i lag med andre. • Delta i samtaler og reflektere over ulike erfaringar. • "Den gyldne regelen": Alt du vil at andre skal gjere mot deg, skal du gjere mot dei. | <p>Samtale med barna om tema barna er opptatt av; kva betyr vennskap, samarbeid, korleis viser vi omsyn til kvarandre osv.</p> <p>Være tilstade som vaksen når konflikhtar oppstår i leiken, rettlei og vise korleis ein kan bli einige eller gjera avtaler.</p> <p>Bruke tid når vi er ute, vere på barna sitt nivå, stoppe opp og undre seg saman med barna. Gi barna tid til å svare.</p> |

Nærmiljø og samfunn

| | |
|--|--|
| Mål | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med nærområdet gjennom opplevingar erfaringar og besøk • Få innsyn i ulike tradisjonar og skikkar i nærområdet • Barna skal føle at dei er ein aktiv part i kvardagen og samfunnet gjennom deltaking og medverknad | |
| Progresjon | |
| 1 – 3 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Bli trygge på seg sjølv, vaksne og andre barn i barnehagen. • Bli kjent i og rundt barnehagen. • Bli ein del av fellesskapet og erfare å måtte ta omsyn. • Noregs nasjonaldag, 17. mai. • Andre nasjonaldagar som er representert i barnehagen. • Samane sin nasjonaldag. | <p>Ha ein primærkontakt ved tilvenning, trygge rammer i barnehagen.</p> <p>Bruke nærområdet som turområde.</p> <p>Bruke fargar som representerer flagget til nasjonaldagene som er representert.</p> |

| | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagedagen. • På besøk til ein gard eller oppleve dyr på nært hold. | Sjå og samtale om sauene når den er på jordet ved barnehagen. |
| 3 – 6 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med nærmiljøet rundt barnehagen. • Reise på besøk rundt i nærmiljøet. • Erfare at vi er likeverdige, uavhengig av kjønn og delta i eit felleskap. • Norges nasjonaldag, 17. mai. • Andre nasjonaldagar som er representert i barnehagen. • Samefolketsdag. • Oppleve medverkad og føle at ein er ein del av eit demokratisk samfunn. • Mitt hus • Utvikle forståing for ulike tradisjonar og skikkar. • Få begynnande kunnskap om menneskerettane og barnekonvensjonen. • Lære om dyrehold og gardsdrift/besøk | <p>Fast turdag der vi brukar nærmiljøet som turmål.</p> <p>På tur i grupper lærer vi å ta omsyn til kvarandre.</p> <p>Teikne flagg og sjå bilder av nasjonaldager som er representert.</p> <p>Vere lydhøre overfor barn sine innspel, la barnet si stemme bli høyrte.</p> <p>Fokus på enkeltbarn, mitt hus, min familie, min sang, favorittdyr osv.</p> <p>Satsinga "Inkluderende barnehage og skolemiljø"</p> <p>Besøke ein bonde i nærmiljøet.</p> |

Kunst, kultur og kreativitet

| | |
|--|---|
| Mål | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få estetisk erfaring med kunst og kultur i ulike former på ein måte som skapar undring • Barna skal få erfaring og opplevingar med musikk, dans, drama, teater, litteratur, film og biletkunst. | |
| Progresjon | |
| 1 – 3 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |
| <ul style="list-style-type: none"> • Introdusere barna for ulike formingsmateriell • Bruke musikk, song, dans og bevegelse • Bli kjent med fargenamn • Gje inspirasjon til kreativitet • Gje rom og materiell som inspirerer til rolleleik • Få opplevingar med ulike instrument og andre materiell som ein kan skape musikk av. | <p>Barnehagen legg til rette for at barna har tilgang til ulike formingsverktøy og la barna prøve ut ulike teknikkar.</p> <p>Bruke namn på fargar aktivt.</p> <p>Fange opp barna sine interesser og bruke desse i aktivitetar.</p> <p>Verne om rolleleiken og legg til rette for dette i kvardagen.</p> <p>Gje barna tilgang til å møte ulike instrument og skape undring rund det å lage lyd og sette dette saman.</p> |
| 3 – 6 år | |
| Kva | Korleis/ Metode |

| | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Bruke eventyr og bøkar til dramatisering og andre kunstformer • Gje uttrykk for kreativitet og fantasi gjennom ulike kunstformer som musikk, språk, dans og drama. • Ulike formingsaktivitetar der barna opplever skaparglede og kan undre seg. • Fargelegging og øve på å halde seg innanfor ein strek, teikne etter ein ting, blyantgrep. • Kunne fargenamn. • Kunne sangar, rim og reglar. • Kunne gjenfortelje ei historie, eventyr, dikt osv. | <p>Lage rollespel, film og dramatisere historier/ eventyr.</p> <p>Undre seg saman med barna og hjelpe dei med å la fantasien gå litt løpsk. Legge til rette for aktivitetar som barna syns er betydningsfulle og skapar glede. Bruke fargenamn aktivt i kvardagen. Bruke sangar, rim og regler aktivt i kvardagen.</p> |
|--|--|

Kartlegging

Barnehagane i Kviteseid brukar eit skjema for kartlegging som heiter TRAS. Dette er eit skjema for Tidleg registrering Av Språkutvikling, som registrerer barnets ferdigheitar når det gjeld:

- Samspel, kommunikasjon og merksemd
- Språkforståing og språkleg medvit
- Uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon.



Alle førskulebarn får tilbod om kartlegging ved hjelp av eit program som heiter KoPs, Kognitiv Profil-system. Hjelpemiddelet skal brukast til å kartleggje kva føresetnader barnet har i 5- års alder til å lære å lese og skrive. Oppgåvene er laga som ulike dataspel tilpassa aldersgruppa som barnet er i. Denne kartlegginga er det spesialpedagogen som har ansvaret for å utføre. Den er frivillig og foreldra må gje samtykke til gjennomføring.



Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagens myndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Kjelde: R17:39

På Straumsnes dokumenterer vi arbeidet gjennom bilde, plakatar med tekst, lagar bøkar og filmar på læringsbrett. Gjennom ulike materiell ting skapar vi kunst og kreasjonar saman.

Kvar tilsett har fått satt av tid til planlegging der dei må fylle ut eit "kva, korleis, kvifor-skjema" og evalueringsskjema. Måla for aktiviteten skal hentast frå progresjonsplanen og fagområda i rammeplanen. Etter kvar aktivitet evaluerer den enkelte arbeidet sitt opp mot desse måla.

På personalmøte og tilbakemeldingar frå barna og foreldre vurderer vi månaden som har gått. Resultatet av denne refleksjonen og vurderinga blir deretter grunnlaget for ny planlegging.



Barns medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §§1 og 3.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

På Straumsnes er personalet merksame på å lese barna sitt kroppsspråk og tar med barna si interesser i planlegginga. Personalet svarar på barna sine spørsmål og undrar seg over ting i lag. For at barna skal føle seg verdifulle og at dei har medverknad i kvardagen må dei vaksne møte barna med respekt og anerkjenne deira følelsar og meiningar/utsegn. Dei vaksne må lytte til og ta med barna sine innspel og utsegn i planlegginga.



Felles satsingsområde for barnehagane

Inkluderande barnehagemiljø

Barnehagane deltek i pulje tre av den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Hovudmålsetinga er at barnehagane skal ha høg kvalitet som fremjar trivsel, leik og læring. Vi jobbar med

kompetanseheving i personalet knytt til anerkjennande kommunikasjon, vaksenrolla og systematisk kartlegging av barnehagemiljøet. På heimesida til kommunen finn du planen for satsinga. Der kan du lese meir om dette.

Språk

Barnehagane i Kviteseid kommune har gjennom fleire år jobba med språk som satsingsområde. Vi har jobba med «Språkløyper» som er kompetansehevingspakker personalet gjennomfører. Det har mellom anna vore fokus på lesing for barn, og dei mange måtane ein kan lese ei bok på saman. Barnehagane har også etablert lesegrupper. Vi har også jobba saman med skulen om å utarbeid ein plan for overgang frå barnehage til skule som også inneheld fokus på språk og språkutvikling.

Pedagogisk bruk av IKT

I rammeplanen 2017 er det tydelege føringar på utvikling av barn sin digitale kompetanse. Barnehagen sin digitale praksis skal bidra til barna sin leik, kreativitet og læring. Personalet i barnehagen skal vera aktive saman med barna når digitale verktøy er i bruk.

Kjelde: R17

Frå hausten 2019 vil kvar barnehage ha ei inter aktiv tavle med pedagogisk innhald tilpassa barnehagen. Dei tilsette vil ha kvar sitt læringsbrett til bruk i det pedagogiske arbeidet saman med barna.



Trafikksikker kommune

Kviteseid kommune jobbar etter Trygg Trafikk sine kriterier for trafikksikker kommune.

Mål: Vi skal bidra til å gje barn gode haldningar til åtfærd i trafikken.

Tema trafikktryggleik er ein del av fagområdet *Nærmiljø og samfunn*. På denne måten er trafikkopplæring ein integrert del av omsorgs- og opplæringsarbeidet i barnehagane. Barna lærer om trafikkreglar og korleis dei skal forstå trafikkbiletet når dei er på ulike turar. Dei lærar også om bruk av bilbelte, hjelm og refleks.

Trafikktryggleik er tema på foreldremøte. Mellom anna er barnehagen opptatt av trafikktryggleik i samband med vegen til og frå barnehagen.

Lokale satsingsområde

I Straumsnes barnehage er vi opptatte av nærmiljøet rundt oss og ha eit berekraftig forhold til naturen. Det er viktig å lære barna korleis ein skal ivareta naturen og kva ressursar den har å

by på. Dette får barna erfare gjennom for eksempel kjeldesortering, planting av vekstar vi kan ete, på tur i skog og mark, sanke bær, gardsbesøk for å sjå kor maten kjem ifrå osv.

Vi ser det som svært nyttig at leiken har størst fokus i kvardagen. Gjennom leik kan barna erfare, lære og bearbeide opplevingar i kvardagen gjennom eit sosialt samspel med andre barn og vaksne. I leiken må barna bruke språket aktivt og sine sosiale ferdigheitar. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel (R. 17 s. 22).

I barnehagen jobbar personalet tett på barna for å kunne støtte, rettlei og finne løysingar på konflikt, sette eigne grenser, men og respektere andre sine grenser. Gjennom felles tur, leik og aktivitet støttar personalet barna i initiativ til samspel, reflektere over eigne og andre sine følelsar og vi jobbar med å førebygge uheldige samspelsmønster.

Mat og måltider

Måltidene i barnehagen er ein viktig del av kvardagen i barnehagen og barnas totale kosthald, utvikling og helse.

Barnehagane har eit medansvar for at barn får i seg riktig mat og å lære barna gode mat vaner. Barnehagane i Kviteseid kommune følgjer difor helsedirektoratet sine retningslinjer for mat i barnehagen.



Barnehagen serverer tre måltid om dagen (frukost, lunsj og ettermiddagsmat). Ved lunsj og ettermiddagsmåltidene er det alltid grovt brød, fisk og kjøttprodukt, meieriprodukt, grønnsaker, frukt og bær på bordet. Det serverast mjølk og vatn til alle måltidene. Barnehagane har fokus på eit variert tilbod som sikrar at barna får smake ulik mat, og dermed kan lære å like fleire forskjellige smaker, lukter og konsistensar. Barnehagen har gode rutinar for handvask før og etter måltidene og toalettbesøk.

Personalet tek del i måltidet gjennom samspel med barna, sitte saman og dersom mogleg ete saman med barna. Måltida har, i tillegg til å skulle gje barna energi og næringsstoff, stor betydning som sosial og kulturell arena. I barnehagekvardagen er måltidet som sosial arena viktig for møtet mellom barn og mellom barn og vaksne. Måltidet gjev ei strukturert ramme for

samspel, deltaking og dialog, og er viktig for fellesskapet og for å skape trivsel. Personalet er viktige rollemodellar, og barna lærer av kva dei gjer og korleis ein skal vera saman rundt eit matbordet.

Kjelde: Retningslinjer for mat i barnehagen, Helsedirektoratet



Samarbeid mellom heim og barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehagelova §1). Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. For å få til det, prøver vi å få så god kontakt med heimen som mogeleg. At personale og foreldre møter kvarandre, snakkar saman og ser på samarbeid som viktig, er ein grunnleggjande føresetnad. Vi ynskjer at foreldra skal bli godt kjende med oss, og få tillit til oss i barnehagen. Det er viktig at foreldra veit korleis barna har det i barnehagen, slik at dei kan vera trygge for barna den tida dei er her. Den viktigaste kontakten skjer dagleg ved levering og henting.

Vi vil ha 1-2 foreldremøte og 1-2 foreldresamtaler i løpet av året.

På foreldremøta blir mellom anna barnehagens innhald og planar diskutert. Det blir forventet at dei som har barn i barnehagen møter på desse møta. Det er viktig slik at personalet og foreldra saman kan finne ut kva som er det beste tilbudet til barna. Møta kan òg bli bruka til å ta opp diverse tema. Kom gjerne med ynskjer!

Tverrfagleg samarbeid

Barnehagane i Kviteseid har samarbeid med pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Der har vi FSB-møter (Forum for Systemretta arbeid i Barnehagen) 4 gongar i året. I desse møta kan vi drøfte barn med utfordringar eller vanskar, etter samtykke til dette frå føresette. Ved vidare vanskar kan vi melder saka til PPT i samarbeid med føresette. PPT utreiar vanskar og arbeidet munnar ut i ei sakkunnig vurdering. PPT gjev også råd og rettleiing til personalet og føresette.

Helsestasjonen samarbeider vi m.a. med ved at vi har ulike kartleggingsverktøy for barna. Mange av desse er knytt til språk og språkutvikling. Helsestasjon har t.d. «Språk 4», medan barnehagen har «TRAS» og «KoPS». Barnehagen og Helsestasjon kan samarbeide seg i mellom etter samtykke frå føresette.

Kviteseid kommune har spesialpedagog for barnehagane i til saman 80 % stilling. Spesialpedagogane har ansvar for å fylgje opp barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp. I tillegg kan spesialpedagogane jobbe førebyggjande med enkeltbarn eller barnegrupper.

Barnevernet kan og hjelpe barnehagen og heimen ved behov.

Overgangar

Tilvenning i barnehagen

Å begynne i barnehagen er ein stor forandring i barnets liv. Difor er det viktig å sikre at barnet får ein omsorgsfull tilvenning med trygge og gode rammer. Tilvenningsperioden har tre faser. Den fyrste fasen er å venje barnet til det miljøet som er i barnehagen i lag med foreldra. Den andre fasen for barnet er å bli kjent med dei tilsette, slik at dei kan vere ein trygg og omsorgsfull person når foreldra ikkje er tilstade. Den tredje fasen er å venje barnet til å vere i barnehagen utan foreldra over tid i eit samspel med store og små.

Overgang barnehage - skule

Barnehagane har i samarbeid med skulen utarbeida ein eigen plan for overgang til skule jf. Opplæringslova § 13-5 og Barnehagelova § 2a. Denne finn du på kviteseid.kommune.no På Straumsnes vil vi gjennomføre føreskuleopplegg som vanleg i kvardagen, og vi vil samarbeide med den skulen barna skal starte på jf. planen.

Tradisjonar og høgtider

| Kva | Korleis | Tidspunkt |
|---------------------------------------|---|---|
| Barna si bursdagsfeiring i barnehagen | Barna kan velje mellom vaffel, smoothie, muffins. Det blir tent rett tal lys for barnet sin alder, dekka fint bord og syngje bursdagssong. | Dagen då barnet har bursdag eller så nært til, ved fruktmåltidet. |
| Frukost med sanitetslaget | Sanitetslaget kjem og lagar til frukost for oss og fortel om kor viktig det er med sunn mat. | September |
| TV-aksjonen | Vi sel eigenproduserte ting og suppe til inntekt for TV-aksjonen. | Oktober |
| Nasjonal brannvernveke | Bevisstgjere barna på kva dei skal gjere dersom det oppstår brann. Vi brukar opplegget til brannbamsen Bjørnis. | Veke 38 |
| Samarbeidsutvalet | Møte med representantar frå foreldre, politisk, tilsette og leiaren i barnehagen. Saker som angår drifta. | 1 på hausten og 1 på våren. Ekstraordinært ved behov. |
| Jol | <ul style="list-style-type: none"> • Jolegrantenning med foreldrefrukost • Feire Lucia • Kyrkjegudsteneste for førskulegruppa • Enkel formidling av det kristne jolebodskapet • Joletreffest • Jolebord | Fyrste måndag i desember 13. desember |
| Karneval | Vi kler oss ut og har fest i barnehagen | Før faste |
| Samisk nasjonaldag | Vi fortel om samane og kanskje et ein samisk rett dersom den treff ein barnehagedag. | 6. februar |
| Barnehagedagen | Nasjonal barnehagedag med rullerande tema | Mars |
| Fyrstehjelp | Lære barna fyrstehjelp ved hjelp av opplegget "Henry" | Februar, mars |
| Påske | Enkel formidling av det kristne påskebodskapet Påskelunsj | |
| Sommaravslutning | Vi samlast til sosialt samvær | Juni |

Barnehageruta for 2020 - 2021

Første dag i barnehagen: Måndag 17. august 2020

Siste dag før jol: onsdag 23. desember 2020

Første dag etter jol tysdag 5. januar 2021

Barnehageåret sluttar ved start av nytt barnehageår



Barnehagen er stengt i vekene 28, 29 og 30 på sommaren, mellom jol og nyttår, i påskeveka og på fylgjande kurs- og planleggingsdagar:

Torsdag 13. august 2020

Fredag 14. august 2020

Fredag 6. november 2020

Tysdag 5. januar 2021

Fredag 14. mai 2021

Kontaktinformasjon

Barnehagen 350 53 325

Pedagogisk leiar Heidi Wrålsen Sjøvoll 90855788

Barnegruppa 409 00 278